

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

1

Protokoll frå møte i Ottadalen Villreinnemnd

Møtedato : Frammøte fredag 6.august, overnatting til laurdag 7.august 2010.
Møtestad : Skjolden Hotel/Nørstedalsseter, Luster- med synfaring på Fivlemyrane og i Middalen for handsaming av sak 11/10.
Møtetid : Fredag kl.1800/laurdag kl.1000.

Desse medlemmane møtte:

Johan Berge	Kjartan Kvien	Marit Tynnøl
Jostein Taffjord	Øystein Breie	Edvard Lindsø
Kari R. Hoem	Christian Vole	

Kunne ikkje møte: Frode Damstuen, Solveig Gråberg og Inger Line Kammen.
Vararepresentarar til stades: Christian Vole og Edvard Lindsø.

Sakliste:

- Orientering om Luster kommune ved Ordførar Torodd Urnes.
- Orientering om helikopterteljing av villrein i Ottadalen sør, juli 2010 og om villreinens bruk av randsondeområda i sørområdet med flybilde frå Lomseggområdet.

09/10 Godkjenning av innkalling og sakliste

10/10 Referatsaker

11/10 Høyring av søknad om konsesjon for utbygging av Illvatnet pumpekraftverk – Luster kommune

12/10 Fordeling av tiltaksmidla for 2010.

13/10 Arbeidet med regional plan - representasjon og framdrift

- Orientering om framdrifta i arbeidet med regional plan for Ottadalsområdet v/Johan Berge.

Johan Berge
Leiar

Bjørn Dalen
Sekretær

Kopi til pr. e-post: Direktoratet for naturforvaltning, 7074 Trondheim
Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Oppland fylkeskommune, Serviceboks, 2626 Lillehammer
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 6863 Leikanger
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Pb.988, 2626 Lillehammer
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Ottadalen villreinutval v/Knut Granum, 2690 Skjåk
Presseorgan etter liste.
Kommunane

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

2

Saksnummer/år: 09/10	
Møtedato: 24.april 2010	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksdokument: Skriftleg innkalling til medlemmane med vedlagt protokoll, sendt pr. post.

Innstilling:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Vedteke som framlegget. Samrøystes.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

3

Saksnummer/år: 10/10	
Møtedato: 24.april 2010	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Referatsaker

Saksdokument:

Referatsak 1. Referat frå årsmøte i Ottadalen villreinområde for 2009.

Referatsak 2. Referat frå møte i Ottadalen villreinutvalg 3.juni 2010.

Referatsak 3. E-post korrespondanse med DNT v/ Lise Havik om omlegging av stig.

Referatsak 4. Løyve til oppsetting av turorienteringspostar – Grotli hytteforening v/
Haakon Breien.

Referatsak 5. Kopi av brev til Ottadalen villreinutvalg dagsett 09.07.2010 om tilskot til
til oppsynsverksemd for 2010.(Kr. 35.000)

Referatsak 6. Epost frå Den Norske Turistforening dagsett 28.04.2010 om
nedlegging av DNT stig Illvatnet Luster austre statsallmenning.

Referatsak 7. Fylkesdelplanen og registrerings- og kartleggingsarbeidet.

Innstilling:

Sakene vart tekne til etterretning

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Vedteke som framlegget. Samrøystes.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDEN FOR OTTADALEN

4

Saksnummer/år: 11/10	
Møtedato: 24.april 2010	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Høyring av søknad om konsesjon for utbygging av Illvatnet pumpekraftverk – Luster kommune

Saksdokument:

1. Høyringsbrev frå NVE dagsett 18.05.2010, med frist for uttale 01.09.2010.
2. Konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing.
3. Presentasjon av presentasjon av prosjektet.

Saksutgreiing

Norsk Hydro søker om konsesjon for å bygge Illvatnet pumpekraftverk med tilhøyrande anlegg.

Saka var handsama i villreinnemnda sak 09/09 den 18.april i Stryn, etter at melding var sendt ut av Noregs vassdrags- og energidirektorat. Villreinnemnda gjorde følgjande vedtak:

” Ottadalen villreinnemnd set fram krav om at det blir utarbeidd konsekvensutgreiing av verknadane utbygginga vil ha på villreinen i området. Viktige moment å utgreie er:

Ei konsekvensutgreiing for villrein bør mellom anna omfatta:

- Verknaden av auka regulering av Illvatn, senking og oppdemming.
- Verknad av alternativ veg i Middalen med strossing av eksisterande tunnel til Illvatn.
- Verknad av alternativ veg frå Fivlemyr til Illvatn i Nørstedalen.
- Vurdere skilnad på å berre ha anleggsdrift i Nørstedalen og la Middalen vera som no.
- Vurdering av verknaden av at vegen vert sletta etter at damanlegget er fullført, eller om ny veg skal stengast med bom med sterke restriksjonar for bruk.

Vidare er det antyda at det kanskje vert bygd 22 kV kraftlinje inn til Illvatn.

- Dersom denne linja vert ståande permanent må det også vurderast eventuelle skadeverknader både for villrein og for anna vilt.

Samrøystes.

No er det høyring av sjølve konsesjonssøknaden for utbygging som skal handsamast. Villreinnemnda hadde ei forholdsvis fyldig uttale i 2009. Likevel er det viktig å vurdere det arbeidet som er gjort frå tiltakshavar si side, spesielt i forhold til kravet om konsekvensutgreiing som vart framsett av bl.a.nemnda. Her er det viktig å vurdere bl.a.:

- er det informert godt nok om planane
- å kome med grunngjevne tilbakemeldingar på om alle vesentlege forhold er tilstrekkeleg utgreidd, jamfør krava i utgeiingsprogrammet
- å kome med grunngjevne tilbakemeldingar på om tiltaket bør gjennomførast eller ikkje
- å kome med eventuelle forslag til avbøtande tiltak

Etter dette må ein vurdere om ein vil gå imot konsesjon for tiltaket.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:

Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

5

Søknaden

Planen er endra ein del sidan meldinga var handsama. Bl.a. er vegen til Illvatnet kutta ut. Og anleggsdrift i Medalen er ikkje aktuelt lenger.

Kravet om konsekvensutgreiing er no etterkome og det er utgreitt innanfor 7 hovedfelt. Under kapittel 6.3 Miljø, naturressurser og samfunn er 6.3.3.2. Fauna utgreitt som eit eige felt og villreinen har fått eit eige underkapittel. Dette er og nedfelt i konsesjonssøknaden. Det er gjeve følgjande verdivurdering:

”Verdivurdering: Viktige funksjonsområder for villrein i tiltaks- og influensområdet er sommerbeite og trekkveier. Bestanden er liten, men det arbeides aktivt for å gjenoppbygge bestanden i kommunen. Tiltaks- og influensområdet inngår som en del av et større viktig leveområde for villrein. Selv om området ligger noe perifert i forhold til kjerneområdene, vurderes det å ha middels-stor verdi for villrein.”

Anlegget

Planen er å byggje eit pumpekraftverket i fjell søraust for Fivlemyrmagasinet.

Tilløpstunnelen frå Illvatnet til pumpekraftverket er planlagt bygd i fjell ca. 7,5 km.

Avløpstunnelen frå pumpekraftverket til magasinet er 800 m.

Inntaket med lukehus planlagt bygd ved Illvatnet.

Veg frå eksisterande veg til kraftstasjonen må forlengast 100 meter langs

Fivlemyrmagasinet. Ingen veg byggast til Illvatnet.

Massedeponi består av 300 000 kbm steinmasse som er planlagt deponert i 2 deponi. Eit på 200 00 kbm er planlagt deponert sør for Fivlemyrmagasinet og langs vegen til Nørstedalsseter. Dei siste 100 000 kbm er planlagt deponert i Illvatnet.

Kraftoverføringsnettet er planlagt dimensjonert som 132 kV line med master i tre.

Den vil følgje eksisterande 22 kV line opp Fortunsdalen til Fivlemyrdammen og vidare fram til kraftstasjonen. 22 kV line ned Fortunsdalen er tenkt reve etter utbygginga, men behalde eit lokalt nett for Nørstedalsseter, Fivlemyr kraftverk, frå Illvatnet pumpekraftverk.

Drift av kraftverket vil vere ubemanna og fjernstyrt slik at ferdsel i området blir liten

Vurdering

Reinens bruk.

Området tiltaket er tenkt gjennomført i er på siste reviderte kart over villreinens bruk av området (Bevanger m.fl. 2007) satt i kategori som sumarbeite. Sjølve Fivlemyrmagasinet og rundt nosi til Medalen i aust er det kategorisert som trekkområde. I området sør for Illvatnet er det og trekkvegar for rein aust-vest.

Reinen har ein viktig trekkveg sør for Harbardsbreen, for å kunne nytte dei store områda vestover heilt bort til Jostedalen. Da er tilkomsten langs Fivlemyrmagasinet og rundt søre delen av Middalsnosi heilt avgjerande.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK


Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:

Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN



Utsnitt av villreinens bruk av området (Bevanger m.fl. 2007)

Dei enkelte tiltaka/inngrepa

Tilløpstunnel og avløpstunnel vil ikkje påverke reinen etter utbygginga. Deponia må planerast og tilpintast noko det er strenge reglar for.

Inntaket med lukehus ved Illvatnet vil heller ikkje påverke reinen bruk.

Veg langs Fivlemyrmagasinet til kraftstasjon vil bli eit synleg inngrep som i seg sjølv ikkje vil påverke villreinen nevneverdig. Blir det derimot trafikk etter vegen vil dette kunne ha verknad. Reinen sin avgrensa bruk og liten pårekna trafikk vil skape liten eller ingen konflikt, men det bør vurderast om det skal vera låst bom på vegen frå krysset med vegen til Nørstedalsseter. Dersom trafikken tilseier det.

Kraftoverføringsnett er det mest problematiske i forhold til villrein. Riving av eksisterande 22kV line er ein stor fordel, men sidan lokalnettet i området skal behaldast/utvidast så er dette ei ulempe. Ny oppgradering til 132KV overføringsline

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000


E-post:

Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMND A FOR OTTADALEN

7

er også ei stor ulempe. Nå er ikkje desse av dei største. Det er heller ikkje avdekt problem med 132 kV lina som er bygd frå Skjåk – Vågå i Ottadalen nord, enda, men ut ifrå føre-var prinsippet bør lineproblematikken handsamast strengt. Det vil derfor vere ein stor fordel om det lokale 22kV nettet kan leggjast i jordkabel. Likeeins bør 132 Kv lina leggjast i jordkabel frå framme ved eksisterande linekryss vest for Nørstedalsseter og inn til pumpekraftverket.



Innstilling:

Ottadalen villreinnemnd vedtek følgjande høyringsuttale til konsesjonssøknad for bygging av Illvatnet pumpekraftverk med tilhøyrande installasjonar:

1. Saka er grundig utgreidd og dannar eit godt grunnlag for å vurdere prosjektet.
2. Ved overgang til driftfasen må det vurderast om det skal vera låst bom på vegen inn til pumpekraftverket frå krysset med vegen til Nørstedalsseter.
3. Det lokale 22 kV nettet må leggjast i jordkabel. 132 kV lina må leggjast i jordkabel frå framme ved eksisterande linekryss vest for Nørstedalsseter.
4. Generelt må det takast omsyn slik at det ikkje blir utført tiltak som hindrar villreinen sin ferdsel og bruk av området.

Området rundt Middalsnosi er eit transittområde for villreinen mellom aust og vest, og all påverknad her vil kunne ha store konsekvensar for bruk av store områda austafør og vestafør.

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:

Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINEMNDA FOR OTTADALEN

8

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnd vedtek følgjande høyringsuttale til konsesjonssøknad for bygging av Illvatnet pumpekraftverk med tilhøyrande installasjonar:

1. Saka er grundig utgreidd og dannar eit godt grunnlag for å vurdere prosjektet.
2. Ved overgang til driftfasen må det etablerast låst bom i vegkrysset ved dammen, på vegen inn til pumpekraftverket.
3. 132 kV lina må leggjast i jordkabel frå framme ved eksisterande linekryss vest for Nørstedalsseter, til kraftstasjonen.
4. Generelt må det takast omsyn slik at det ikkje blir utført tiltak som hindrar villreinen sin ferdsel og bruk av området.
Området rundt Middalsnosi er eit transittområde for villreinen mellom aust og vest, og all påverknad her vil kunne ha store konsekvensar for bruk av store områda austafør og vestafør.
5. Villreinnemnda forutset at utbyggjar vil vere bidragsytar, med eit årleg beløp, i anleggsfasen og 10 år vidare etter utbyggjinga. Midla skal gå til prosjektet med reetablering av villreinen sin bruk av området.

Utskrift sendt: Norges vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstua, 0301
Oslo.E-post: nve@nve.no

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

9

Saksnummer/år: 12/10	
Møtedato: 24.april 2010	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: Fordeling av tiltaksmidla for 2010.

Saksdokument:

1. Brev frå direktoratet via fylkesmannen i Møre og Romsdal . Tildeling av tiltaksmidler for 2010.
2. Søknad om midler frå Ottadalen villreinutvalg.

Saksutgreiing

Direktoratet har fordelt midla frå fellingsavgiftene frå jakta 2009 til dei enkelte villreinområda via fylkesmennene.

I brevet heiter det bl.a:

Det vises til Prop. 1S (2009-2010) for budsjetterminen 2010 (MD).

Innbetalte fellingsavgifter skal tilbakeføres til det enkelte villreinområde, og midlene skal disponeres av villreinnemndene til tiltak.

Tildelte midler over Kap. 1425, post 71.2 kan ikke benyttes til lønnsutbetalinger hos fylkesmannen, jf bevilgningsreglementet.

Noen villreinområder har ikke fått tildelt midler, noe som skyldes manglende fellingsrapportering eller at innbetaling av fellingsavgift er registrert inkommet etter 31.12.2009.

De tildelte midlene er ikke overførbare til 2011, og eventuelle overskridelser kompenseres ikke.

Prosjektnummeret som forbruket skal knyttes til er 14A01017 (villreintiltak og drift av nemndene).

Rapportering på resultat og forbruk skal for øvrig følge den ordinære styringsdialogen med DN, med økonomirapportering pr 31.8.2010 og 31.12.2010. Dersom forutsetningene for gjennomføringen (framdrift, økonomisk, mv) endres skal DN varsles så snart som mulig.

For Ottadalen villreinområde er det overført fylkesmannen i Møre og Romsdal kr. 132 235,-. Som det framgår av brevet skal midla brukast til villreintiltak og drift av nemndene.

Ottadalen villreinutvalg har søkt om tilskot frå dei midla i brev dagsett 14.junli 2010.

Søknad om økonomisk tilskudd til villreinutvalgets forvaltningsoppgaver

1. En av utvalgets primæroppgaver er å gjennomføre villreinjakten på en tilfredstillende måte.

Utgifter til jaktoppsyn inkl. sambandsutstyr antas å bli: kr 220.000,-

2. Vintertelling (minimumstelling) og kalvetelling utføres fra småfly og helikopter, forventede utgifter kr 85.000,-

3. Feltarbeid og systematisering av data vedr. registrering av villreinens områdebruk mv kr 35.000,-

4. Administrasjon, sekretær utgifter, møter mv kr 125.000,-

Sum budsjetterte utgifter Kr 465.000,-

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMENDA FOR OTTADALEN

10

Villreinutvalgets bank: 2085.64.27448

Årsmelding med revidert regnskap for 2010 vil som vanlig bli oversendt villreinnemnda.

Skjåk, den 14. juli 2010

Knut Granum (sekr.)

(sign.)

Villreinnemnda må vurdere kva midla skal brukast til. Vanleg praksis har vore å overføre midla til villreinutvalet. I følgje rekneskapen for 2009 hadde villreinutvalet eit underskot på kr. -15.208 i rekneskapsåret 2009. Sum eigenkapital 31.12.2009 var kr. 831.330,-.

Innstilling:

Ottadalen villreinnemnda vedtek å løyve kr. 132.235,- av dei tildelte midla frå fellingsavgiftene for 2009 til Ottadalen villreinutvalg. Fylkesmannen i Møre og Romsdal overfører midla til utvalget sin bankkonto 2085.64.27448.

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Vedteke som framlegget. Samrøystes.

Utskrift sendt: Ottadalen villreinutval v/ Knut Granum, 2690 Skjåk

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

11

Saksnummer/år: 13/10	
Møtedato: 24.april 2010	
Saksansvarleg: Bjørn Dalen	

Tittel: 13/10 Regional plan for Ottadalen villreinområde - representasjon og framdrift

Saksutgreiing

Bakgrunn

Grunnlaget for regionale planer (tidlegare fylkesdelplanar) for villreinområda vart lagt i brev frå miljøverndepartemente dagsett 12 april 2007. Det vart hovedlinene for arbeidet skissert.

Arbeidet med planen er delt inn i 2 faser.

1. Prosessen med å få utarbeidt planprogrammet.
2. Planprosessen med utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing

Det er fase 1 vi no er inne i. I dette arbeidet er det følgjande organisering.

Planfagleg arbeidsgruppe:

Trond Carlson, Oppland fylkeskommune
Joar Helgeheim, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Jonny Loen, Møre og Romsdal fylkeskommune
Marit Vorkinn, Fylkesmannen i Oppland
Bjørn Dalen, Villreinnemnda
Trond Stensby, sekretær

Arbeidsgruppe for kartlegging av data frå området :

Per Jordhøy (NINA)
Stig Aaboen (leder villreinutvalget)
Knut Granum (sekretær villreinutvalget)
Johan Berge (leder villreinnemnda)
Solveig Gråberg (nestleder villreinnemnda)
Per Olav Haugen (SNO)
Einar Fortun (Luster kommune)
Rolf Sørungård (Lesja kommune)
Johan Danielsen (DN sekretær)
Trond Stensby (sekretær kontaktutvalget for Reinheimen)
Ulf Lucasen (FMVA Møre og Romsdal)
Sekretær Raymond Sørensen (Villreinsenter Nord)

Styringsgruppe:

Ikkje oppnemnt enda.

Adresse:
Kommunchuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:

Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

12

Vurdering

Ottadalen villreinnemnd er oppteken av den lokale forankringa til planarbeidet. Det er heilt avgjerande for forankringa av det ferdige plandokumentet at lokale interesser blir inkludert og teke med på råd. Det er også lagt sterke føringar for dette i føringsdokumentet frå Miljøverndepartementet som det er referert til tidlegar. Det står bl.a i dokumentet:

Departementet legger vekt på at politisk ledelse i berørte kommuner får plass i planarbeidets styringsgruppe. Det fortsettes at fylkesmennene og de statlige villreinnemndene trekkes aktivt med i planprosessen.

Derfor forventar villreinnemnda at dette blir etterlevd i prosessen.

Innstilling:

Ottadalen villreinnemnd forventar at nemnda får ein representant i styringsgruppa for fylkesdelplan for Ottadalesområdet.

Villreinnemnda for Ottadalen sitt vedtak:

Ottadalen villreinnemnd forventar at nemnda får ein representant i styringsgruppa for fylkesdelplan for Ottadalsområdet.

Politisk leiing i berørte kommunar må få plass i planarbeidet si styringsgruppe.

Utskrift sendt: Oppland fylkeskommune v/ Trond Carlson, Serviceboks, 2626 Lillehammer

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025

Telefaks:
61217000

E-post:
Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

13

Adresse:
Kommunehuset, 2690 SKJÅK

Telefon:
61217025
E-post:

Bjorn.dalen@skjaak.kommune.no

Telefaks:
61217000